Tverrelva kraftverk offisielt opna.

29.06.2017

Fungerande ordførar Hans Inge Myrvoll trykkjer på start-knappen med prosjektleiar Jarle Kjellesvik som tilskodar.

Det var ein stor dag då Tverrelva kraftverk i dag vart offisielt opna. Etter at eigarane hadde avvikla generalforsamling på Oska, trekte folk mot den nye kraftverksbygningen då klokka nærma seg 13. Eigarane, med houdaksjonær SKL og aksjonærar frå grunneigarane, var godt representert saman med firma som hadde hatt arbeid med utbygginga og andre interesserte.

Fire sentrale personar i samband med Tverrelva kraftverk og opninga. Dagleg leiar i Tverrelva fraftverk Hege Økland, fungerande ordførar Hans Inge Myrvoll, styreleiar i SKL Kjetil Harestad og pensjonist Dag Eirik Eikeland som var SKL sin første kontakt med Tverrelva kraftverk

Den første kontakten med SKL om prosjektet var for 13 år sidan, altså i 2004. Ut frå det er det ein lang prosess fram til opninga i dag, men etter at ein fekk konsesjon i juni 2015 har det gått kjapt. Bygginga starta alt same haust. 7.april i år var det klart for prøvedrift, og etter ein prøvedrifteriode på vel to månader var det i dag klart for overtaking og offesiell opning. Kraftverket skal vera største enkeltinvestering i Uskedalen nokon sinne.
Tverrelva kraftverk er eigd av SKL(51%) og grunneigarar(49%).
Fallhøgda er 492 meter. Kraftstasjonen har eit aggregat på 5 MW, og normalproduksjonen er 19GWh årleg.

Det var styreleiar Kjetil Harestad i SKL som leia opningshøgtida. Første del føregjekk i og ved kraftstasjonen, medan den andre delen var på restauranten Oska. Det var først omvisning i kraftstasjonen der det også var høve til å stilla spørsmål. Deretter samlast alle på plassen utanfor der fungerande ordførar Hans Inge Myrvoll heldt tale. Han takka grunneigarar og SKL, og heldt fram SKL si store betydning for vår kommune. Han understreka også verdien av å sikra og bruka verdas reinaste energi i ein større samanheng. Han trekte også fram Energi Teknikk og andre som hadde bidrege. Han såg det også som viktig at Tverrelva kraftverk ville sikra gardsdrifta for grunneigarane i framtida.

Fungerande ordførar Myrvoll talar ved opninga med styreleiar K. Harestad t.v. og prosjektleiar J. Kjellesvik t.h.

Etter talen forflytta Myrvoll seg inn i kraftstasjonen der han trykte på startknappen nøyaktig kl.13.35. Eit stort øyeblikk, og kort tid etterpå fortalde lyden frå generatoren oss at no var produksjonen i gang. Etter dette stoppa folk litt att. Nokre hadde spørsmål som dei fekk svar på frå fagfolka, medan andre berre studerte den nye stasjonen og drøsa seg i mellom. Deretter bevega folk seg til Oska for å vera med i andre del av opningshøgtida. Det kjem vi tilbake til som eiga sak.

Ståle Eik, Nils Raudstein, Magne Huglen og Hans Reidar Kjærland på omvisning med prosjektleiar Jarle Kjellesvik. I det grøne t.h. finn vi generatoren.

Nokre av dei frammøtte utanfor kraftstasjonen

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.